



# Skodje kommune

## IKT -reglement gjeldande for grunnskulane i Skodje kommune.

### 1. Reglementet sitt føremål

- Målgruppa for reglementet er elevar i skulen.
- Reglementet avklarar akseptabel bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi for målgruppa.
- Reglementet søker å hindre utilsikta og uønska hendingar.
- Reglementet vil verne brukarar og trygge den pedagogiske læringssituasjonen.
- Reglementet skal hjelpe til med å avgrense roller, rettar og plikter for elevar og kommunen.

### 2. Omfang av reglementet

- Bruk av kommunen sitt IKT -utstyr som blir disponert ved skulane.
- Bruk av privat IKT -utstyr i samband med skulen og/eller via kommunen sitt nettverk.
- Bruk av programvare som kommunen har gjort tilgjengeleg.
- Publisering av innhald på nett og kommunikasjon ved bruk av privat eller kommunen sitt IKT -utstyr.
- Elevane sin IKT -bruk utanom skuletid er i utgangspunktet heimen sitt ansvarsområde, men åtferd som har tydeleg tilknytning til skulen kan likevel falle inn under skulen sitt ansvarsområde.

### 3. Eleven sine rettar

- Eleven har rett til opplæring i bruk av IKT for å kunne oppnå krava om IKT -kompetanse i samsvar med Kunnskapsløftet.
- Eleven har rett på tilgang til velfungerande IKT -utstyr i undervisninga.
- Alle elevar har rett på lik tilgang til IKT -utstyr i samband med gjennomføring av digital eksamen og nasjonale prøver.
- Eleven har rett til å bli informert om innhaldet i IKT -reglementet av skulen.
- Kommunen kan berre utlevere opplysningar om ein enkelt elev eller data som tilhører ein elev der dette går fram av inngått samtykke, vedtekne reglement eller følgjer av lovgjevinga elles.
- Eleven har rett til å få med seg private data som skulen ikkje lenger har høve til å ta vare på.
- Skulen vil slette alle personopplysningar om elevane som den ikkje lenger har bruk for, men dette gjeld ikkje dersom skulen er lovpålagt å oppbevare opplysningane.

#### **4. Eleven sine plikter**

- Elevar pliktar til å følge skulen sine pålegg og instruksar om bruk av IKT -utstyr
- Elevar på ungdomstrinnet pliktar å sette seg inn i den informasjonen som skulen gir om regler og vilkår for bruk av IKT -utstyr.
- IKT -utstyret som er plassert ved den einskilde skulen skal handterast fint.
- IKT -utstyr som blir brukt i skuletida skal berre brukast til skulerelaterte oppgåver.
- I skuletida skal privat IKT -utstyr, som mobiltelefonar, berbare datamaskiner og liknande, berre brukast etter avtale med skulen.
- Chat, spel, privat e-post eller generell surfing skal berre skje etter avtale med skulen.
- Publisering av innhald på nett og kommunikasjon gjennom kommunen sitt IKT -utstyr skal på ingen måte innehalde tekst, bilde, lyd eller video som er av støytande art, eller som henger ut enkeltpersonar eller grupper. Det skal heller ikkje publiserast bilete kopla mot namn på personar.
- Digital mobbing skal ikkje førekomme uavhengig om det skjer gjennom eige eller kommunen sitt IKT -utstyr.
- Brukarnamn og passord skal haldast hemmeleg og skal berre brukast av den aktuelle eleven evt. føresette.
- Elevar kan ikkje installere eiga programvare på kommunen sitt IKT -utstyr.
- Installasjon av programvare på PC-ane som gjer at uvedkommande får tilgang til kommunen sitt nettverk skal ikkje førekomme.
- Elevane pliktar å gjere så godt dei kan for å ikkje bringe virus eller anna øydeleggande programvare inn i kommunen sitt IKT -utstyr.
- Elevane pliktar å bruke godt nettvett når dei brukar kommunen sitt IKT -utstyr.
- Eleven pliktar å undersøke og respektere opphavsretten til materiale som tekst, bilde, musikk, film eller lyd som blir lagt ut på heimesider, fellesområde og bloggar.
- Eleven må få samtykke frå medelevar/føresette til å legge ut bilde, lyd og video av dei.
- Elevar pliktar å varsle skulen ved mistanke om at andre bryt reglementet.

#### **5. Inngrep og sanksjonar**

- Brot på IKT -reglementet kan føre til sanksjonar frå skulen/kommunen.
- Skulen har eit ansvar for å gripe inn overfor elevar som mobbar eller trakasserar lærarar eller andre elever.
- Bruk av skulen sitt IKT -utstyr som strid mot norsk lov kan bli meldt.
- PC-ar som blir brukte under eksamen kan bli kontrollerte før og etter gjennomført eksamen for å avdekke forsøk på juks.
- Elevar som mobbar, diskriminerar eller trakasserar andre ved bruk av kommunen sitt IKT -utstyr kan bli utestengde frå all IKT -bruk i ein periode fastsett av skulen. Særskilt alvorlege tilfelle kan bli melde.
- Elevar som gjer skade på kommunen sitt IKT -utstyr kan bli haldne erstatningsansvarlege.
- All datatrafikk ved den enkelte skule kan bli logga.
- Brot på IKT -reglementet kan også føre til sanksjonar i høve til skulen sitt generelle ordensreglement.

#### **6. Ansvarsfråskriving**

- Kommunen er ikkje ansvarleg for tap av data eller skade på IKT -utstyr som skuldast tilhøve utanfor kommunen sin kontroll.



# Skodje kommune

## Reglar og informasjon om bruk av kommunalt datautstyr Til føresette til elevar 1. – 7. trinn.

I følge ny læreplan (Kunnskapsløftet) og lokal IKT-plan er det eit mål at elevane skal starte med bruk av IKT-utstyr frå første trinn. Elevar og føresette vil etterkvart ta i bruk læringsplattforma Fronter.

Elevar har sjølve eit ansvar for etisk bruk av IKT som verkty. Til eldre eleven er, til meir ansvar har eleven for å opptre korrekt, både med tanke på etisk bruk og korleis datautstyret blir behandla.

Gjennom FEIDE -prosjektet har alle elevane ved skulen fått tildelt eit brukarnamn og eit passord som skal gje dei ei pålogging til alle ressursar.

### ***Reglar som gjeld bruk av datamaskiner***

1. PC-ane skal berre brukast etter avtale med ein vaksen/lærar.
2. Eleven skal berre nytte sitt eige brukarnamn og passord. Passord skal vere hemmeleg. Bruk av andre sitt passord er lovbrøt.
3. Slå av/ logg av PC-en på rett måte etter bruk.
4. Vi skal behandle kvarandre med respekt også ved bruk av Internett.
5. Skulen sine ordensreglar gjeld også ved bruk av skulen sitt datautstyr.
6. Vi skal ta godt vare på PC-ane og datautstyret. Det vil mellom anna seie:
  - Mat og drikke høyrer ikkje saman med bruk av PC-ane.
  - Det er ikkje lov til å kople anna utstyr til datamaskina utan at lærar har gjeve løyve til det. Slik utstyr kan vere: Minnepinne, mobiltelefon, kamera.
7. Hald orden og rydd etter deg.

Elevar på 5.-7. trinn skal gjennomføre eit undervisningsopplegg om trygg og sikker bruk av Internett. Skulen legg vekt på å lære elevane nettvett, og vi håpar at heimen følgjer opp dette i tråd med felles intensjonar. I tillegg skal føresette på same trinna få informasjon om sikker nettbruk.

Med helsing

Grunnskulen i Skodje kommune

Vi har gjort oss kjende med informasjon og reglar ovanfor.

Skodje, \_\_\_\_\_

---

Underskrift elev

---

Underskrift føresett (e)



# Skodje kommune

## Avtale og reglement for bruk av datautstyr og Internett. 8. – 10. trinn.

*Skodje ungdomsskule*

Namn elev: \_\_\_\_\_

*Reglane gjeld brukarrettar og oppførsel på skulen og bruk av datamaskiner generelt både for kommunen sitt nettverk og for Internett.*

*Reglane er laga for å verne dine og andre sine rettar til å bruke og dele nettet. I tillegg til norsk lov, mellom anna om undervisning, om åndsverk, kjøp og sal av tenester og telekommunikasjon, gjeld følgjande reglar for bruk av datautstyr ved vår skule:*

- **Maskinene skal brukast til det undervisninga til ei kvar tid legg opp til.**  
Døme på dette er:
  - Å løyse oppgåver og prosjekt som er ein del av undervisninga.
  - Å skrive dei rapportane og innleveringane som går inn i dei forskjellige fag.
  - Avvikling av prøver og testar.
  - Individuell trening på databruk.Anna verksemd som chat, spel, sjekking av e-post og generell surfing på nett, skal berre skje etter avtale med lærar.
  
- **Ta vare på datautstyret!**
  - Mat og drikke i samband med bruk av datautstyret er forbode.
  - Det er ikkje tillate å installere/legge inn nye program på maskinene.
  - Oppsettet på maskinene skal ikkje endrast.
  
- **Du har ansvaret for ditt eige område. All lagring skal skje i di eiga mappe.**
  - Skulen kan kontrollere innhaldet av ditt eige private område ved behov. Brukar skal då bli informert.
  - Det er ikkje tillate å skaffe seg urettmessig tilgang til andre brukarar sine data.
  - Nettet må ikkje brukast til å fornærme eller plage andre brukarar.
  - Nettet må ikkje brukast til å bryte andre brukarar sin rett til personvern.
  - Det er ikkje tillate å søkje urettmessig tilgang til ressursar på nettet (hacking)
  - Dersom du lagar ei eiga heimeside, må du følgje reglane for publisering av informasjon på Internett. Pressa sin ”ver varsam plakat” gjeld også her.

- **Vern om din eigen identitet. Ver forsiktig med å gje opplysningar om deg sjølv som kan bli misbrukt av andre.**
  - Eige passord og e-postadresse skal ikkje nyttast av andre enn deg sjølv.
  - Ikkje avtal å møte nokon du er blitt kjend med på nettet utan godkjenning frå foreldre/føresette.
  
- **Det er ulovleg å bryte nettreglane for akseptabel bruk eller på andre måtar å vere med på ulovlege handlingar.**
  - Informer lærarane om du oppdagar ubehaglege eller ulovlege handlingar.
  - Det er ikkje lovleg å gå inn på sider som inneheld pornografi eller vald av noko slag. Det er også ulovleg å formidle dette til andre.

- **Du må rekne med at skulen kontrollerar kva du brukar Internett til.**

Det er allment akseptert at nettverka skal vere så opne som muleg og avgrensingane minimale. For at dette skal fungere godt er det nødvendig at brukarane sjølve oppfører seg i høve til allment aksepterte standardar i sin bruk av nettet. Mange tek dette som sjølvstakt fordi dei etiske standardane for bruk av datamaskiner i nette ikkje avvik særleg frå alminneleg god oppførsel andre stader i samfunnet.

*Overtreding av reglane vil medføre tiltak som kan avgrense tilgangen til bruk av skulen sitt datautstyr over kortare eller lengre periodar. Grove overtredingar vil føre til vanlege straffereaksjonar.*

- **Viser til Ordensreglane til skulen pkt.4:**  
<http://www.skodje.kommune.no/>

#### **4. Erstatningsansvar**

Ved bevisst skade eller skadeverk på skulen sin eigedom og utstyr kan eleven, i tillegg til sanksjonar jmf ordensreglementet, bli gjort erstatningsansvarleg, jmf. Skadeerstatninglova §1-1. Foreldre/føresette er erstatningsansvarlege etter skadeerstatningslova §1-2. Det same gjeld ved tap eller øydelegging av bøker og anna utstyr.

Stad/dato: Skodje: \_\_\_\_/ \_\_\_\_ - 2013

\_\_\_\_\_  
Underskrift elev

\_\_\_\_\_  
Underskrift føresett

\_\_\_\_\_  
Underskrift kontaktlærer

## ***Rettleiing til IKT - reglement***

### **Innleiing**

Denne rettleiing gjeld både for undervisningspersonale og foreldre, og er meint å utdjupe IKT -reglementet for grunnskulen. Grunnlaget for reglementet er henta frå Uninett ABC. Rettleiinga er tilpassa regionale krav og er gjennomarbeidd av Skodje kommune. Reglementet er endeleg vedteke av \_\_\_\_\_

Lengst bak vil de finne ei ordliste, samt dei fleste paragrafane det blir vist til i teksten. Einskilde paragrafar er så omfattande at dei ikkje er tekne med fullt ut. Fullstendige lov- og forskriftstekstar vil du finne på <http://www.lovdatab.no>.

Det finst fleire gode nettstadar som dette reglementet byggjer på. Heilt til slutt i denne rettleiinga er det referansar til eit utval av slike nettstadar. Vi oppmodar om at desse blir brukte som supplement til rettleiinga. Vi vil også vise til den dokumentasjonen som er lagt ut på Skodje kommune sine heimesider.

### **1. Føremål for reglementet**

Føremålet med eit IKT -reglement er å setje rammer rundt elevane sin bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi i og i tilknytning til skulen. Stadig aukande bruk av digitale applikasjonar i ein sosial samanheng (facebook, MSN, nettby, twitter og liknande) gjer det nødvendig å auke bevisstheita omkring dei mulegheitene og utfordringar dette gjev.

- *Målgruppa for avtala er elevar i skulen.*  
Dette punktet avgrensar reglementet sitt omfang til å gjelde elevar i skulen. Tilsette vil ha sine egne reglement.
- *Reglementet avklarar akseptabel bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi for målgruppa.*  
Dette punktet poengterar at det er snakk om informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Elevar bruker IKT i stadig større grad til å kommunisere med kvarandre. Denne bruken skapar eit større behov for klargjering av regelverk både for elevar og for skulen/kommunen enn tidlegare.
- *Reglementet søkjer å hindre utilsikta og uønska hendingar*  
Det er ikkje berre uønska (utilsikta) åtfærd som ein søkjer unngått, men også uønska hendingar som oppstår fordi elevar ikkje har kunnskap nok om eller riktige haldningar til bruk av IKT.
- *Reglementet vil verne brukarar og tryggje den pedagogiske læringssituasjonen.*  
Det er viktig at elevar, foreldre og tilsette ved den einskilde skulen har ei felles forståing av IKT -bruken. Dette vil gjere det enklare å skape trygge læringssituasjonar, også når ein brukar IKT heime.
- *Reglementet skal hjelpe til med å avgrense roller, rettar og plikter for elevar og kommunen.*  
Kommunen (skulen med tilsette) og elevane har ulike roller i høve til reglementet. Reglementet knyt ulike rettar og plikter til dei ulike rollene. Reglementet ønskjer ikkje berre å fokusere på elevane sine plikter, men også på kva rettar elevane har.

### **2. Omfang av reglementet**

Reglementet omfattar skulen/kommunen sitt IKT -utstyr. Det omfattar også nettbaserte applikasjonar som elevane vil ha tilgang til frå heimen (som til dømes læringsplattforma

Fronter). Reglementet vil også gjelde for dei sosiale aspekta ved bruk av IKT. Det er viktig at skulen har eit bevisst tilhøve til bruk av privat IKT -utstyr i undervisninga.

- *Bruk av kommunen sitt IKT -utstyr som skulane disponerar.*  
Reglementet omfattar mellom anna IKT -utstyr som er plassert ved den einskilde skulen. Som IKT -utstyr reknar vi både datamaskinar, nettverk, skrivarar og tilhøyrande utstyr.
- *Bruk av privat IKT -utstyr i samband med skulen og/eller via kommunen sitt nettverk.*  
Dersom ein elev tek med seg ei berbar datamaskin, handhalden eining (PDA) eller mobiltelefon på skulen og koplar seg til Internett gjennom skulen sitt nettverk, vil einkvar nettaktivitet falle inn under dette reglementet.
- *Bruk av programvare som kommunen har gjort tilgjengeleg.*  
Reglementet gjeld for elevar som jobbar med programvare gjort tilgjengeleg via skulen sitt IKT-utstyr. Med programvare er meint operativsystem, kontorstøtte, pedagogisk programvare og liknande. Sjølv om bruken skjer heime og på privat IKT -utstyr, vil den framleis falle inn under dette reglementet.
- *Publisering av innhald på nett og kommunikasjon ved bruk av privat eller kommunen sitt IKT -utstyr.*  
Innhald som blir publisert digitalt er omfatta av reglementet. Dette er uavhengig om det blir publisert gjennom kommunen sitt utstyr eller privat IKT - utstyr så lenge det har ein tydeleg tilknytning til skulen.
- *Elevane sin IKT -bruk utanom skuletid er i utgangspunktet heimen sitt ansvarsområde, men åtferd som har tydeleg tilknytning til skulen kan likevel falle inn under skulen sitt ansvarsområde.*  
Reglementet understrekar at skulen *kan* gripe inn i privat bruk av IKT, og *skal* gjere det dersom forholdet går ut over einskildelevar sitt psykososiale miljø på skolen. Slike forhold kan vere mobbing, trakassering eller diskriminering ved bruk av til dømes sosiale applikasjonar som Nettby eller liknande.

### **3. Eleven sine rettar**

Det er viktig å framheve at alle brukarar av kommunen sitt IKT -utstyr har rettar i tillegg til plikter. Elevane har rett til å bli informert om og opplærde i gjeldande IKT -reglement, men når eleven fyller 14 år pliktar han/ho også å setje seg inn i den informasjonen/opplæringa som blir gitt. Eleven har rett til at kommunen forvaltar alle personopplysningar om han/henne på ein forsvarleg måte slik at personvernrettane blir tekne i vare.

- *Eleven har rett til opplæring i bruk av IKT for å kunne oppnå krava om IKT -kompetanse i Kunnskapsløftet.*  
Kunnskapsløftet tek med IKT -dugleikar i sine mål. Elevane må då også ha rett til opplæring i bruk av IKT på lik linje med opplæring i lesing, skriving og rekning.
- *Eleven har rett på tilgang til velfungerande IKT -utstyr i undervisninga.*  
Kunnskapsløftet fastset IKT -kunnskap til ein femte dugleik på lik linje med lesing, skriving, rekning og å kunne uttrykke seg munnleg. For å få til dette er det ein føresetnad at kommunen/skulen har velfungerande IKT -utstyr. Det er også ein føresetnad at elevane har *tilgang* til IKT -utstyret.
- *Alle elevar har rett på lik tilgang til IKT -utstyr i samband med gjennomføring av digital eksamen og nasjonale prøver.*

Elevane i kommunen/skulen har rett til lik tilgang til IKT -utstyr slik at tilhøva rundt gjennomføring av til dømes digital eksamen og nasjonale prøver skal vere mest muleg likt, og i alle fall ikkje avgjerande for resultatata på prøvene.

- *Eleven har rett til å bli informert om innhaldet i IKT -reglementet av skulen.*

Den einskilde skule har ansvar for at alle elevane er kjende med IKT -reglementet. Sjølv om eleven har fylt 14 år og har plikt til å setje seg inn i reglementet, har skulen likevel ansvar for å informere om reglementet.

- *Kommunen kan berre utlevere opplysningar om ein einskild elev eller data som tilhøyrrer ein elev der dette kjem fram i inngått samtykke, vedtekne reglement eller føl av lovgjevinga elles.*

Personinformasjon skal ikkje komme på avvegar, og kommunen og skulen skal ha eit godt system for å ta i vare einskildelevar sine persondata. Kommunen kan ikkje innføre reglar som er i strid med lovgjevinga, og foreldre/evevar kan ikkje gje samtykke til handtering av personopplysningar som er i strid med norsk lov.

På <http://www.tryggbruk.no> finst døme på samtykkeskjema skulen kan bruke i samband med å legge ut bilde og liknande på skulens sine heimesider.

- *Eleven har rett til å få med seg private data som skulen ikkje lenger har høve til å ta vare på.*

Med private data er meint til dømes arbeid eleven har gjort og lagra i ei læringsplattform. Det er eleven sjølv som må laste ned data. Skulen/kommunen bør oppbevare slike data i minst tre månader etter at eleven sluttar ved skulen. Skulen/ skuleeigar har, i høve til personopplysningslova, plikt til å slette private data (skulearbeid) når karakter i faget er satt, eller når skuleåret er avslutta. Da vil skulen (til vanleg) ikkje ha behov for slike data, og difor skal dei slettes. Eit unntak frå dette kan vere om eleven har ei digital mappe (portefølgje) som skal følgje eleven i skulesystemet.

- *Skulen vil slette alle personopplysningar om elevane som den ikkje lenger har bruk for, men dette gjeld ikkje dersom skulen er lovpålagt å oppbevare opplysningane.*

Det er ikkje berre når ein elev sluttar ved skolen som er avgjerande for eventuell sletting av private data, men at skulen ikkje lenger treng opplysningane (ved at formålet med bruken av dei, til dømes å setje karakterar, er oppfylt). Det vil også finnast personopplysningar/data som skulen vil ha behov for å ta vare på fram til eleven sluttar ved skulen, til dømes opplysningar som vert brukt til administrative eller pedagogiske føremål. Så fram det ikkje føl av anna lovgjeving, skal slike personopplysningar/data slettast når eleven sluttar ved skolen.

#### **4. Elevane sine plikter**

Stadig aukande bruk av digital kommunikasjon har ført til at det sosiale aspektet rundt bruk av IKT -utstyr har blitt viktigare. Digital danning er eit omgrep som vi godt kan innføre; det gjeld å opptre ”riktig” også når ein brukar Internett som kommunikasjonskanal. Barna har ofte inntrykk av at dei er anonyme når dei brukar Internett, men det er ofte ikkje tilfelle. Barna må difor vere svært forsiktige med å gje opp personopplysningar på nettet. Aktivitet på Internett set spor, og opplasting av bilde og anna materiale kan i mange tilfelle vere vanskeleg å fjerne. Å mobbe nokon over Internett er på ingen måte mindre alvorleg enn å gjere det i kvardagen elles.

- *Elevar pliktar å følgje skulen sine pålegg og instruksar om bruk av IKT -utstyr.*

Kvar skule kan ha egne instruksar om bruk av IKT -utstyr. Disse skal følgjast så lenge dei ikkje er i konflikt med IKT -reglementet eller lovgjevinga.



- *Elever på ungdomstrinnet pliktar å setje seg inn i den informasjonen som skulen gjev om reglar og vilkår for bruk av IKT -utstyr.*  
Elevar som har fylt 14 år har i større grad enn yngre elevar eit sjølvstendig ansvar for å setje seg inn i kommunen sitt IKT -reglement.
- *IKT -utstyret som er plassert ved den einskilde skule skal handterast pent.*  
Alle elevar disponerar IKT -utstyr som ikkje er deira eige. Utstyret skal behandlast på ein slik måte at det ikkje er forringa etter bruk.
- *IKT -utstyr som blir brukt i skuletida skal berre brukast til skulerelaterte oppgåver.*  
Her må skulen/læraren definere kva som er skulerelaterte oppgåver. Nokre lærarar ønskjer kanskje å bruke mobiltelefonar i avgrensa delar av undervisninga. Hovudpoenget er at elevar ikkje skal bruke IKT -utstyret utan at det er gjort avtale med lærer.
- *I skuletida skal privat IKT -utstyr, som mobiltelefonar, berbare datamaskiner og liknande, berre brukast etter avtale med skulen.*  
Elevane skal ha eit aktivt forhold til bruk av eige IKT -utstyr på skulen. Det er difor viktig at elevane skal gjere særskilte avtalar med skulen/lærarane dersom dei ønskjer å bruke eige IKT -utstyr. Dette gjeld både fordi slikt utstyr ikkje skal forstyrre undervisninga, og fordi slik bruk kan føre til større risiko for spreiding av uønska programvare (virus og liknande) på dei einskilde skulane.
- *Chat, spel, privat e-post eller generell surfing skal berre skje etter avtale med skulen.*  
Desse momenta som er lista opp kan forstyrre ordinær undervisning. Difor er det viktig at det er inngått avtale om dette mellom undervisningspersonalet og elevar.
- *Publisering av innhald på nett og kommunikasjon gjennom kommunen sitt IKT -utstyr skal på ingen måte innehalde tekst, bilde, lyd eller video som er av støytande art, eller som hengjer ut einskildpersonar eller -grupper.*  
Mobbing og trakassering ved bruk av IKT -utstyr skal ikkje førekome. I verste fall kan slike forhold vere straffbare (sjå straffelova, §§ 246-247).
- *Digital mobbing skal ikkje førekome uavhengig om det skjer gjennom eige eller kommunen sitt IKT -utstyr.*  
Vi skal behandle andre personar med respekt. Mobbing digitalt er ikkje mindre ille enn mobbing i skulegarden/fotballbanen.
- *Brukarnamn og passord skal haldast hemmeleg og skal berre brukast av den aktuelle eleven.*  
Elevar skal ikkje dele brukarnamn og passord med nokon. Dersom brukarnamn og passord vert spreidde risikerar den einskilde brukar å bli fråstolen informasjon og/eller at andre tek deira identitet. Ein skal ikkje under nokon omstende spreie andre sine brukarnamn og passord.
- *Elevar kan ikkje installere eiga programvare på kommunen sitt IKT -utstyr.*  
Datamaskiner som ein disponerar ved skulene skal haldast vedlike. Dersom elevane installerer eiga programvare kan dette føre til at IKT -utstyret ikkje fungerer som det skal.
- *Installasjon av programvare på PC-ane som gjer at uvedkomande får tilgang til kommunen sitt nettverk skal ikkje førekome.*  
Det er muleg å installere programvare som gjer det enklare for utanforståande å få tilgang til kommunen sitt nettverk. Slik programvare kan vere ein trussel for sikkerheita for kommunen.
- *Elevane plikter å gjere så godt dei kan for ikkje å bringe virus eller anna øydeleggjande programvare inn i kommunen sitt IKT -utstyr.*  
Det går sjølvsagt aldri an å sikre seg 100 % mot at det blir innført virus og anna øydeleggjande programvare i kommunen sitt nettverk. Teknologirådet har ei internettside som gjev råd i samband med dette (sjå under referansar).

- *Eleven pliktar å bruke godt nettvett når han/ho brukar kommunen sitt IKT -utstyr.*  
Det finst mange nettsider som beskriv kva godt nettvett er. Eit av dei viktigaste punkta er at elevar blir oppfordra til ikkje å oppføre seg annleis på Internett enn i det virkelege liv. Kvar gruppe/kvart trinn bør lage sine egne nettvettsregler.
- *Eleven pliktar å undersøkje og respektere opphavsretten til materiale som tekst, bilde, musikk, film eller lyd som blir lagt ut på heimesider, fellesområde og bloggar.*  
Når elevar søker etter tekst, musikk, film eller lyd på Internett for å finne materiale til presentasjonar, heimesider eller bloggar, er det viktig at det blir undersøkt om dei har rett til å bruke dette materialet. Det er viktig at skulen har eit bevisst forhold til bruk av opphavsverna materiale i undervisninga. Elevane (og ikkje kontaktlærar eller skulen) har opphavsrett til åndsverk som dei produserer i skulesamanheng - skriftlege skularbeid, multimediepresentasjonar, munnlege presentasjonar, osv.
- *Eleven må få samtykke frå medelevar til å legge ut bilde, lyd og video av dei.*  
Elevar kan ikkje utan vidare leggje ut bilde, lyd eller video av andre elevar utan samtykke. Eit samtykke kan godt være munnleg. Ein elev har samtykkekompetanse frå fylte 15 år; før dette må føresette samtykke på vegne av eleven.
- *Elevar pliktar å varsle skulen ved mistanke om at andre bryt reglementet.*  
Elevar skal ikkje teie om reglementsbrøt. Kvar einskild skule bør leggje vekt på å skape ein kultur der det ikkje blir oppfatta som sladring å seie frå om brot på reglement og instruksar.

## 5. Inngrep og sanksjoner

Eit kvart brot på reglementet bør følgjast opp av kommunen eller skulen slik at dette ikkje blir eit "sovande" reglement. Dersom reglementet ligg ubrukt over ein periode vil reglementet miste autoritet.

- *Brot på IKT -reglementet kan føre til sanksjoner frå skulen/kommunen.*  
Eit kvart brot på IKT -reglementet bør følgjast opp av lærar/skule. Dette kan til dømes vere å kontakte heimen. Ved grove eller gjentekne brot må skulen følgje opp med sanksjoner som t.d. utestenging frå nettverk/ikkje bruke kommunalt IT-utstyr eller som skissert i kommunen sitt generelle ordensreglement.
- *Skulen har eit ansvar for å gripe inn overfor elevar som mobbar eller trakasserer lærarar eller andre elever.*

Dette er ikkje eit IKT-spesifikt punkt, men er teke med for å poengtere at det ikkje er eit skilje mellom digital mobbing og "vanleg" mobbing. Opplæringslova, § 9a-3 handlar om eleven sitt psykososiale miljø og fastset at dersom lærar eller skule har mistanke om mobbing, diskriminering eller rasisme, skal det gripast inn. Ved digital mobbing kan læraren gjere foreldre merksame på problemet og be om eit samarbeid for å få slutt på forholdet.

- *Bruk av skulen sitt IKT -utstyr som strid mot norsk lov kan bli meldt.*  
Dersom ein elev bryt norsk lov ved bruk av skulen sitt IKT -utstyr, kan og bør skulen melde forholdet.

- *PC-ar som blir brukte under eksamen kan bli kontrollerte før og etter avvikla eksamen for å avdekke forsøk på juks.*

Med større vekt på digitale prøver vil forsøk på juks kunne endre seg frå jukselappar til dokument skjult på datamaskinen. I tillegg bør det vere muleg å etterprøve mistanke om juks i etterkant av eksamen.

- *Elevar som mobbar, diskriminerer eller trakasserer andre ved bruk av kommunen sitt IKT -utstyr kan bli utestengt frå all IKT -bruk i ein periode fastsett av skulen. Særskilt alvorlege tilfelle kan bli melde.*

Utestenging frå IKT -bruk kan berre nyttast når regelbrotet er alvorleg (etter opplæringslova §§ 2-10 og 3-8). Det vil seie at mobbing, diskriminering og trakassering må bestå i noko meir enn tilfeldige enkeltkommentarar. Det er *berre* rektor som kan fatte vedtak om utestenging, og det må fattast eit enkeltvedtak etter forvaltingslova § 2. Skulen kan ikkje sjølv melde eit forhold der ein elev bryt straffelova §§ 246-247 (ærekrenking), men bør legge til rette for at slike alvorlege forhold blir melde av den som blir fornerma.

- *Elevar som gjer skade på kommunen sitt IKT -utstyr kan bli haldne erstatningsansvarlege.*

Ved bevisst skadeverk vil skulen kunne føre eit erstatningskrav overfor brukaren, jf. skadeerstatningslova § 1-1 og § 1-2 (for personar under 18 år). I utgangspunktet skal eleven sjølv betale skadeverket (med omsyn til eleven si utvikling, utvist åtferd, økonomisk evne og forholda elles). § 1-2 seier at skulen/kommune også kan krevje erstatning på inntil 5000 kr. av foreldra.

- *All datatrafikk ved den einskilde skule kan bli logga.*

Sjølv om datatrafikken ved ein skule blir logga kan ikkje loggen undersøkast når som helst og av kven som helst. Det skal vere sterke mistankar om ulovleg bruk, og det er berre politi som har mulegheit til å gå inn og analysere ein slik logg.

- *Brot på IKT -reglementet kan også føre til sanksjonar i høve til skulen sitt generelle ordensreglement.*

IKT -reglementet er underordna kommunen sitt ordensreglement i høve til opplæringslova § 2-9.

## **6. Ansvarsfråskriving**

- *Kommunen er ikkje ansvarleg for tap av data eller skade på IKT -utstyr som skuldast forhold utanfor kommunen sin kontroll.*

Kommunen kan ikkje ta på seg ansvar for privat IKT -utstyr som er teke med på skulen utan avtale. Skade på til dømes mobiltelefonar som er tekne med på skulen utan avtale med lærar vil heller ikkje kommunen kunne ta ansvar for. For i størst muleg grad å hindre spreieing av virus og øydeleggande programvare skal bruk av til dømes minnepinnar avtalast med læraren.

## **7. Underskrift**

IKT -reglementet er ei forskrift i samsvar med opplæringslova § 2-9. Det betyr at sjølv om foreldre/elevar ikkje skriv under dette reglementet vil det likevel gjelde for dei.

Underskrifta er først og fremst eit virkemiddel for å få foreldre og elevar til å lese og tenkje gjennom innhaldet i reglementet.

## Ordliste

**IKT -utstyr:** Med IKT -utstyr meiner ein all informasjons- og kommunikasjonsteknologi som er i ordinær bruk. Dette gjeld alt frå mobiltelefonar, PDA -ar og multimediespelarar til berbare og stasjonære datamaskiner. I tillegg omfattar det nettverk, skrivarar og tilhøyrande utstyr.

**Chat:** Ein aktivitet der ein kommuniserar med andre via datamaskin kopla til datanett. Chatting kan skje i egne chatterom (praterom), og kan vere tilgangskontrollert via bruk av autentisering.

**IM (Instant Messaging):** Programvare på mobiltelefonar eller datamaskiner som du kan bruke til å sende og ta i mot meldingar i (tilnærma) sann tid mellom to eller fleire personar. IM blir ofte kalla "lynmelding" på norsk.

**PDA:** Ei forkorting som står for Personal Data Assistent. Forkortinga blir brukt for små handhaldne terminalar med programvare for chat, avtalebøker, notisbøker, e-post mm.

**MSN:** "The Microsoft Network" er ei samling av Internett-tenester, men er i hovudsak skapt for IM. For mange blir MSN opplevd synonymt med IM.

**SMS:** Short Message Services, programvare/teneste på mobiltelefonar for å sende små tekstmeldingar asynkront (leses ikkje nødvendigvis med ein gong av mottakar) til andre.

**MMS:** Multimedia Message Services, programvare/teneste på mobiltelefonar som gjer den i stand til å sende meldingar med lyd, bilde, video og tekst.

## **Lover og forskrifter som legg føringar for IKT -reglementet i Skodje kommune**

Her finn de oppsummering og utskrift av nokre av dei viktigaste lovene og forskriftene som er viktige for IKT -reglementet. Oppdaterte lover vil de til kvar tid finne på:

<http://www.lovdatab.no>

## **Utsnitt av spesielt aktuelle lover**

### **Opplæringslova**

#### **§ 2-9. Ordensreglement og liknande**

*Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtfærd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast.*

*Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.*

*Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast.*

*Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.*

#### **§ 2-10. Bortvising**

*Kommunen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar på årstrinna 8-10 som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar, og at elevar på årstrinna 1-7 kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen.*

*Rektor sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Foreldra til elevar på årstrinna 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.*

#### **§ 9a-3. Det psykososiale miljøet**

*Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.*

*Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.*

*Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtfærd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.*

# Skadeerstatningslova

(Originalversjon av lovtekst)

## § 1-1. Barns ansvar

Barn og ungdom under 18 år plikter å erstatte skade som de volder forsettlig eller uaktsomt, for så vidt det finnes rimelig under hensyn til alder, utvikling, utvist adferd, økonomisk evne og forholdene ellers.

## § 1-2. Foreldres ansvar

1. Foreldre plikter å erstatte skade voldt av barn og ungdom under 18 år, såfremt de har latt det mangle på tilbørlig tilsyn eller på annen måte ikke har gjort det som etter forholdene er rimelig å kreve av dem for å hindre skadeforvoldelse.

2. Uansett egen skyld svarer foreldre for skade voldt forsettlig eller uaktsomt av deres barn under 18 år som de bor sammen med og har omsorgen for, med inntil 5.000 kroner for hver enkelt skadevolding.

## Straffelova

§ 246. Den som rettsstridig ved ord eller handling krenker en annens æresfølelse eller som medvirker dertil, straffes med bøter eller med fengsel inntil 6 måneder.

§ 247. Den som i ord eller handling opptrer på en måte som er egnet til å skade en annens gode navn og rykte eller til å utsette ham for hat, ringeakt eller tap av den for hans stilling eller næring fornødne tillit, eller som medvirker dertil, straffes med bøter eller med fengsel inntil 1 år. Er ærekrenkelsen forøvet i trykt skrift eller i kringkastingsending eller ellers under særdeles skjerpene omstendigheter, kan fengsel inntil 2 år anvendes.

## Åndsverklova

**Åndsverklova § 1 (redigert):** Åndsverk forståes som litterære, vitenskapelige eller kunstneriske verk av enhver art og uansett uttrykksmåte og uttrykksform (så som skrifter av alle slag, muntlige foredrag, sceneverk, musikkverk, filmverk, fotografiske verk, malerier, tegninger, grafikk, skulptur av alle slag, bygningskunst, billedvev og gjenstander av kunsthåndverk og kunstindustri, kart, datamaskinprogrammer og oversettelser/bearbeidelser av verk som er nevnt foran).

Fullstendig lovtekst finnes på <http://www.lovdato.no>

**Åndsverklova § 2 (redigert):** Opphavsretten gir (innen de grenser som er angitt i loven), enerett til å råde over åndsverket ved å fremstille varig eller midlertidig eksemplar av det og ved å gjøre det tilgjengelig for almenheten, i opprinnelig eller endret skikkelse, i oversettelse eller bearbeidelse, i annen litteratur- eller kunstart eller i annen teknikk.

Fullstendig lovtekst finnes på <http://www.lovdato.no>

**Åndsverklova § 4 (redigert):** Opphavsmannen kan ikke sette seg imot at andre benytter hans åndsverk på en slik måte at nye og selvstendige verk oppstår (for eksempel et skolearbeid).

Opphavsretten til det nye og selvstendige verk er ikke avhengig av opphavsretten til det verk som er benyttet.

Fullstendig lovtekst finn ein på <http://www.lovdato.no>

## **Kommentarar til lovverket**

**Opplæringsloven §§ 2-10:** Alvorlige brot på reglene i IKT -reglementet (til dømes digital mobbing, diskriminering eller trakassering) kan gi grunnlag for "tap av rettar" (til dømes utestenging frå bruk av kommunen sitt IKT -utstyr) eller bortvisning frå skolen for ein nærare oppgjeven periode. Einingsleiar må fatte vedtaket og det kan ikkje delegerast til andre ved skolen.

*Lovtekst finnes på <http://www.lovdato.no>, samt gjengjev tidlegare i rettleiinga*

**Forvaltningslova § 2 og kapittel III-VI:** Fastsetting av eit IKT -reglement for skulene i Skodje kommune, er å sjå på som ei forskrift. Dei institusjonane eller organisasjonane reglementet vedkjem skal gjevast høve til å uttale seg før reglementet blir vedteke, endra eller oppheva. Alvorlege sanksjonar ved brot på IKT -reglementet (utestegning frå all bruk av kommunen sitt IKT -utstyr for ein periode fastsett av skulen) er eit enkeltvedtak, og må følgje sakshandsamingsreglane i lova. Ved mindre alvorlege sanksjonar har eleven/studenten eller den tilsette rett til å uttale seg før sanksjonar blir sette i verk.

*Lovtekst på: <http://www.lovdato.no>*

**Skadeerstatningslova §§ 1-1 og 1-2:** Barn og ungdom under 18 år kan bli gjort erstatningsansvarlege for skade dei påfører skolen sitt IKT -utstyr, og foreldre/føresette kan bli erstatningsansvarlege for eit beløp inntil 5000 kroner for skade som barn/ungdom under 18 år påfører skolen sitt IKT -utstyr.

*Lovtekst på: <http://www.lovdato.no>, samt gjengjeve tidlegare i rettleiinga.*

**Personopplysningslova § 2:** All innsamling og bruk av opplysningar om elevar/studentar og tilsette som skjer i samband med bruken av IKT -reglementet, er å sjå på som personopplysningar. Kommunen må difor etablere eit system for å ta i vare sine pliktar etter lova, spesielt pliktene som gjeld internkontroll (jf. personopplysningslova § 14 og personopplysningsforskrifta kapittel 3) og informasjonstryggleik (jf. personopplysningsloven § 13 og personopplysningsforskrifta kapittel 2).

*Lovtekst og forskrifter på: <http://www.lovdato.no>*

**Personopplysningsforskrifta § 7-11:** All datatrafikk ved skulen kan overvakast dersom føremålet er å administrere IKT -systemet eller å avdekke/oppdage brot på sikkerheita. Denne informasjonen kan ikkje seinare brukast til å kontrollere eller overvake den einskilde elev/student eller tilsette.

*Forskrift på: <http://www.lovdato.no>*

**Personopplysningsforskrifta kapittel 9:** Skulen kan under visse vilkår få innsyn i elevane sine og dei tilsette sine e-postkassar, til dømes når det er nødvendig for å ivareta den daglege drifta. Skulen kan også få innsyn ved grunngeven mistanke om at e-postkassen blir brukt til å utføre grove brot på plikter som føl av arbeidsforholdet, mellom anna mistanke om alvorlege brot på punkt i IKT -reglementet. Prosedyrane for innsyn i e-postkasse føl av reglane i forskrifta § 9-3.

Forskrift på: <http://www.lovdatab.no>

**Straffelova §§ 246-247:** Skulen kan ikkje melde elevar for ærekrenking, men kan oppmode einskildpersonar til å melde ved grove tilfeller.

Lovtekst finnes på: <http://www.lovdatab.no>, samt gjengjeve tidlegare i rettleiinga

### **Referansar:**

Se <http://www.teknologiradet.no/FullStory.aspx?m=104&amid=500> for meir informasjon om kva du kan gjere for å hindre spreiring av virus og liknande.

Døme på sider som tar for seg godt nettvett:

<http://www.nettvett.no>

<http://www.dubestemmer.no>

<http://www.tryggbruk.no>

<http://skolenettet.no/lov>

Alle lover og forskrifter finn ein (oppdatert) på <http://www.lovdatab.no>

Anna nyttig informasjon finn du også på <http://www.datatilsynet.no>